

## Saksprotokoll

**Organ:** **Fellesnemnda**

**Møtedato:** 04.05.2018

**Sak nr.:** 18/2559-4  
**Internt l.nr.** 25459/18

**Sak:** 14/18

**Tittel:** **Sekretariatsordning for kontrollutvalet i ny fylkeskommune**

**Behandling:**

### **Forslag til innstilling**

1. Den nye fylkeskommunen held fram med å ha eige kontrollutvalssekretariat med eigne tilsette, inkl. sal av sekretariatstenester opp mot kontrollutval i kommunar mv.
2. Det vert oppretta eit tilsettungsutval for tilsetting av kontrollsjef som er samansett av dei to kontrollutvalsleiarane, dei to nestleiarane og to tillitsvalde. Desse innstiller overfor Fellesnemnda om kven av dei noverande kontrollsjefane som skal vera kontrollsjef for den nye fylkeskommunen.
3. Kontrollsjefen for den nye fylkeskommunen får fullmakt til å utgreie sak med forslag til organisering og lokalisering av sekretariat for kontrollutvalet.
4. Kontrollsjefen skal leggje fram forslaget for dei to kontrollutvala som vedtek innstilling overfor Fellesnemnda som gjer endeleg vedtak om organisering og lokalisering.

### **Endringsframlegg:**

Møteleiaren gjorde framlegg om saka vert utsett til junimøtet fordi nokre medlemer hadde motteke saksdokument for seint. Fellesnemnda slutta seg til dette.

### **Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Saka vert utsett til junimøtet.